Lærarprofesjonen si etiske plattform

Vi er éin profesjon av barnehagelærarar, lærarar og leiarar i barnehage og skule. Samfunnsmandatet vårt er å fremje læringa, utviklinga og danninga til barnehageborn og elevar. Verdiane,haldningane og handlingane våre påverkar dei vi arbeider for og med. Plattforma er eit sams grunnlag for at lærarprofesjonen skal halde fram med å utvikle etisk medvit. Alle barnehagelærarar, lærarar og leiarar har eit ansvar for å handle i samsvar med verdiane og prinsippa i plattforma.

Lærarprofesjonen sine grunnleggjande verdiar

Menneskjeverd og menneskjerettar

Arbeidet vårt byggjer på dei verdiane og prinsippa som er nedfelte i universelle menneskjerettar, særleg konvensjonen til SN om born sine rettar. Desse rettane skal vi fremje og forsvare i barnehage og skule. Det er grunnleggjande at menneskjeverdet ikkje skal krenkjast, at kvar og ein har fridom og behov for tryggleik og omsorg.

Profesjonell integritet

Etisk medvit og fagleg dugleik er kjernen i lærarprofesjonen sin integritet og avgjerande for å skape gode vilkår for leik, læring og danning. Vår fridom til å velje metodar og vår profesjonelle utøving av skjøn gir oss eit særleg ansvar for å vere opne om dei faglege og pedagogiske vala vi gjer. Samfunnet skal ha tillit til at vi bruker autonomien vår på ein etisk forsvarleg måte.

Respekt og likeverd

Den einskilde sin eigenart og personlege integritet manar til respekt. Det skal ikkje finne stad noko form for undertrykking, indoktrinering eller fordomsfulle vurderingar. Alle barnehageborn og elevar har rett til medverknad. Dei skal vere frie til å treffe eigne val innanfor rammene til felleskapet.

Personvern

Å halde på teieplikta og opplysningsplikta er avgjerande i arbeidet vårt. Alle har rett til personvern. Personopplysningar skal forvaltast slik at integriteten og verdet til barnehageborn, elevar, føresette og kollegaer vert verna om. Vi må vere kritisk årvakne når det er mogleg å spreie informasjon elektronisk.

Lærarprofesjonen sitt etiske ansvar

I møte med barnehageborn, elevar og føresette

Vi har ansvaret for tillitsfull samhandling med dei vi arbeider for og med. Lojaliteten vår ligg hos barnehageborn og elevar for å fremje deira beste. Sannferdig formidling av kunnskap og fagleg god tilrettelegging er avgjerande.

Barnehagelærarar, lærarar og leiarar:

- *fremjar vilkåra for leik, læring og danning til alle barnehageborn og elevar*
- *arbeider for å vere fagleg og pedagogisk oppdaterte*
- *er omsorgsfulle og medvitne den makta ein har i kraft av rolla og posisjonen sin*
- *er fagleg funderte og etisk reflekterte i arbeidet med vurdering*
- *fremjar likestilling og likeverd*
- *møter barnehageborn, elevar og føresette med respekt*
- *grip inn og vernar barnehageborn og elevar mot krenkingar, uavhengig av kven det er som utfører desse*
- *møter kritikk på ein open måte og med faglege argument*

For arbeidsplassen

Vi er kunnskapsrike, ansvarlege og nærverande vaksne i barnehageborn og elevar sine liv. Som kollegium har vi eit sams ansvar for å utvikle eit godt utdanningstilbod og for å fremje og vidareutvikle profesjonaliteten vår.

Kollegiet:

- *tek initiativ til refleksjon og dialog med alle tilsette på arbeidsplassen*
- *samarbeider om å vidareutvikle kunnskapar, dugleik og etisk dømmekraft, både internt og i samspel med utdannings- og forskingsmiljø*
- *skaper og tek del i ein positiv samhandlingskultur der ein lyttar til og tek på alvorleg synspunkta til alle i kollegiet*
- *er lojale andsynes måla og retningslinene til eigen institusjon så lenge desse samsvarar med samfunnsmandatet og den profesjonsetiske plattforma vår*
- *arbeider ope og legg til rette for innsyn frå partar som arbeidet gjeld for*
- *respekterer andre sin kompetanse og erkjenner grensene for eigen fagkunnskap*
- *støttar og tek medansvar når kollegaer møter særlege utfordringar i arbeidet*
- *tek ansvar for å finne gode løysingar og om nødvendig varsle når det vert oppdaga kritikkverdige tilhøve og handlingar på arbeidsplassen*

For barnehage og skule som samfunnsinstitusjonar

Vi er forplikta av verdiane i samfunnsmandatet for barnehagen og skulen slik desse er nedfelte i lov- og planverk gjennom demokratiske vedtak. Den einskile barnehagelærar, lærar og leiar deler profesjonen sitt ansvar for å fremje barnehagen og skulen sine føremål.

Profesjonen:

- *syner mot og målber tydeleg samfunnsmandatet*
- *bruker ytringsfridomen og deltek aktivt på faglege og utdanningspolitiske arenaer*
- *står imot press frå aktørar som vil gjere barnehageborn og elevar til verkemiddel for eigne mål*
- *tek ansvar for å varsle når rammevilkår skaper tilhøve som ikkje er fagleg og etisk forsvarlege*
- *fremjar godt samarbeid, utan at vi tek på oss oppgåver som høyrer til faga og kompetansefelta til andre profesjonar*
- *går ikkje på akkord med verdiane i samfunnsmandatet, kunnskapsgrunnlaget vårt eller lærarprofesjonen si etiske plattform*

Barnehagelærarar, lærarar og leiarar er forplikta på denne plattforma og kan aldri fri seg frå det profesjonelle ansvaret.